

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

Emil Gadolin (A) sette fram slikt forslag:

«Alternativ punkt 3

3. Fylkestinget ber om at den tekniske beregningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse og fylkesutvalet til orientering før sommarferien.»

Avrøysting

Innstillinga punkt 1-2 vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Det vart ikkje røysta over innstillinga punkt 3.

Innstilling til fylkestinget

1. Ny budsjettfordelingsmodell for dei vidaregåande skulane i Vestland fylkeskommune vert teken i bruk frå hausten 2021. Det vert rekna halv effekt av ny modell for skuleåret 2021-2022 og full effekt frå skuleåret 2022-2023. Ytterlegare overgangsordning for skular med særskilt store utslag må vurderast særskilt og ivaretakast utanfor budsjettfordelingsmodellen.
2. Fylkesrådmannen skal leggje fram evaluering av budsjettfordelingsmodellen for hovudutval for opplæring og kompetanse seinast våren 2023.
3. Fylkestinget ber om at den tekniske beregningsmodellen vert lagt fram for hovudutvalet for opplæring og kompetanse og fylkesutvalet til orientering før sommarferien.